

Frekhaug 16. februar 2017

Til Lindås, Meland og Radøy kommune

v/ordfører Astrid Aarhus Byrknes, Øyvind Oddekalv og Jon Askeland

Ønskje om organisert kystrenovasjon

Dei siste vekene har Alvoret i den marine forureininga gått opp for folk flest i Noreg. Dokumentasjon på mengda plast i havet og på våre strender fløymar over i media. Livet i havet, det marine matfatet vårt og havnæringane våre er truga. Også turistnæringa, som førebels har levd godt på rykte om Noreg som siste utpost for rein, urørt natur.

Fleire enn berre dei spesielt miljøinteresserte har byrja å ta inn over seg kor stort omfang vårt plastforbruk har på naturen og at dei einaste som no gjeld er konkret handling. Det er fantastisk å sjå at lokale oppryddingsaksjonar vert organisert over heile landet. På Sotra er til dømes aksjonen «Rydd kysten. Vik for vik» i gang, og har vakt internasjonal merksemd.

For å starte arbeidet med å rydde opp plastforureininga trengs det tiltak som kan settast i gang raskt. Det er flott at Meland kommune har ordna det slik at innbyggjarane kan enkelt ta del i oppryddinga, som publisert på nettsidene til kommunen den 17.februar. Oppsamling av plast er eit kortsiktig strakstiltak som har stor effekt for det marine livet. Det trengs organisert og strukturerte tiltak til, som og kostar pengar. Difor har regjeringa auka Miljødirektoratet sine midlar til ryddeprosjekt til 35. millionar.

Lokallaga til Miljøpartiet Dei Grøne i Nordhordland takkar ordførarane for at dei er aktive pådrivarar til å få innbyggjarane til å delta i oppryddingsprosjekt. Innbyggjarinitiativ er prisverdig, men ein kan ikkje rekne med at det berre er frivillige ressursar som skal ordne opp i plastforureininga.

På bakgrunn av dette fremjar lokallaga til Miljøpartiet Dei Grøne i Nordhordland følgjande ønskjer til ordførarane i Lindås og Meland, og oppmodar dei andre Nordhordlandskommunane til å gjere det same:

Kommunane bes arrangere eit møte med NGIR, BOF og andre relevante aktørar med mål om å etablere ei ordning for marin renovasjon i Nordhordland, liknande Skjærgårdstjenesten sitt arbeid.

Eit slikt møte bør vere ope for alle, for å få meir kunnskap om problemet med plastforureining og lære meir om kommunane gjer med det og korleis innbyggjarane kan bidra.

I eit meir langsiktig perspektiv ønskjer vi og at kommunen blir ein aktiv aktør i å hindre utslepp av plast med mål om å redusere plastforbruket betrakteleg. Kanskje kan Nordhordland bli den første plastfrie regionen i Noreg?

Vi håpar og trur at ordførarane synes dette er eit viktig tema som dei ønskjer å gjere noko med. Motivasjonen for ein ryddeinnsats har aldri vore så stor ute blant folk som i desse dagar. Det er viktig at det offentlege også viser handlekraft.

Med venleg helsing,

Miljøpartiet Dei Grøne i Lindås
Miljøpartiet Dei Grøne i Meland
Miljøpartiet Dei Grøne i Radøy